



NVE

Vår ref.:  
2021/615-5

Sakshandsamar:  
Nils Børge Kile  
nils.kile@bygland.kommune.no

Dato  
15.12.2021

## MELDING OM VEDTAK

### **Vedtak Høring av melding og forslag til konsekvensutgreiingsprogram for kraftutbygging i Syrtveitsfossen i Evje og Hornnes kommune, Agder**

Viser til høring av melding og forslag til konsekvensutredningsprogram for kraftutbygging i Syrtveitsfossen med høringsfrist 15 desember. Dykkar referanse 202104328-8.

Plan, miljø og ressursutvalget handsama høringsdokumentet den 14.12.2021. Følgande vedtak blei fattet.

*Bygland kommune ynskjer med dette å gi fylgjande innspel til konsekvensutgreiingsprogrammet:*

- 1. Bygland kommune ønsker ei utgreiing som viser eventuelle positive og negative ringverknader og konsekvensar for næringsliv og sysselsetting i regionen dersom vassføringa i Syrtveitsfossen blir endra ved utbygging.*
- 2. Bygland kommune er oppteken av at det blir greia ut korleis effektkøyringa påverkar sommarvasstanden i Byglandsfjorden.*
- 3. Bygland kommune meiner det er særst viktig med ei utgreiing for tovegs fiskevandring forbi dam Byglandsfjord av omsyn til bleke - og aurebestand. Vidare meiner Bygland kommune at det er viktig å greie ut korleis tiltaket vil påverke storaure og den lokale aurevarianten, marmoraure.*
- 4. Bygland kommune meiner det er viktig å utgreie kva vassføring og minstevassføring som er til beste for bleke og aure. Det må vurderast eit miljøvenleg tapperegime som er tilpassa fiskeartane i Syrtveitsfossen.*

5. *Det bør utgreiast korleis vassstemperatur i fossen blir endra ved lågare vassføring, og kva verknad dette vil gje på botndyr- og fiskesamfunn. Dette fordi minstevassføringsstrekket vil kunne få fleire episodar med underkjølt vatn vinterstid, og kritisk høge temperaturar (over 20 grader) sommarstid. Vil slike situasjonar vere uheldig for fiskebestandane?*
  
6. *Det må utgreiast korleis næringstilgangen til fisk blir endra ved lågare vassføring i Syrtveitsfossen.*

Med helsing  
Bygland kommune

Nils Børge Kile  
Fisk- og vassdragsforvalter

Vedlegg:  
1 Saksframlegg med vedtak